

Østfold Energi AS
Kalnesveien 5
1712 GRÅLUM

Vår dato: 29.04.2016
Vår ref.: 201003633-17
Arkiv: 437
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Øystein Nøtsund

Damsikkerhetstilsyn 2016 - oversending av revisjonsrapport, Østfold Energi AS, Lærdal kommune

Vi viser til revisjon av Østfold Energi AS og oversender rapporten frå revisjonen, som blei halden ved Borgund kraftverk den 26.4.2016. Revisjonen var varsla i brev av 23.3.2016.

Ved revisjonen blei det funne 0 avvik og gitt 5 merknader. Revisjonsrapporten omtalar merknadene.

Frist for å uttale seg til saka er sett til 30.5.2016. Vi oppmodar særleg til at faktiske opplysningar som gjeld saka, blir korrigerte eller supplerte. Dersom uttalen ikkje er komen til NVE innan fristen, vil NVE legge til grunn dei opplysningane som ligg føre i saka. Dersom NVE ikkje mottek kommentarar innan fristen er denne revisjonsrapporten å sjå på som endeleg.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør

Lars Grøttå
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Vedlegg: 1 Revisjonsrapport

Kopi: Østfold Energi AS v/Bjørn Røvik
Østfold Energi AS v/Dagfinn Bentås
Østfold Energi AS v/Magne Netland

Revisjonsrapport

Revidert eining:	Østfold Energi AS, org.nr. 879904412
Revisjonsdato:	26.4.2016
Stad:	Borgund kraftverk
Medverkande frå revidert eining:	Kraftverkssjef og beredskapsleiar Bjørn Røvik Miljø- og kvalitetsansvarleg og beredskapskoordinator Magne Netland Vassdragsteknisk ansvarleg Dagfinn Bentås
Revisorar frå NVE:	Revisjonsleiar Øystein Nøtsund Medrevisor Oddvar Indrebø
Seksjon:	Seksjonssjef Lars Grøttå, TBD

1 Innledning

1.1 Bakgrunn og føremål med revisjonen

Kontrollere at verksemda oppfyller krava i revisjonsgrunnlaget.

1.2 Revisjonsgrunnlag

I denne revisjonen var revisjonsgrunnlaget følgende:

- Forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg §§ 7-4 og 6-1.
- Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgivingen (IK-vassdrag) § 5-6.

1.3 Tema for revisjonen

Revisjonen omhandla følgende tema:

- Beredskap ved vassdragsanlegg
- Beredskap ved vassdragsanlegg i byggefasen

1.4 Funn

0 avvik

5 merknader

Avvik er: Brot på krav i regelverk og løyve gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgivinga og annan lovgiving NVE forvaltar.

Merknad er: påpeiking av forhold som kan bli betre, eller forhold som bør vurderast nærare av verksemda, men som ikkje er brot på gitte krav.

1.5 Generelle kommentarar

Vi har eit generelt godt inntrykk av Østfold Energi AS sitt arbeid med beredskap og beredskapsplanar. Planane verkar gjennomarbeidde og tilpassa organisasjonen.

2 Merknader

Nr.	Merknad
1	Det bør gå betre fram av innsatsplan for dam- og vassvegsbrot at denne også gjeld ved fare for brot (fareauke, eskalerande situasjon)
2	Grenseverdiar: NVE meiner at HRV som grenseverdi er lite hensiktsmessig med omsyn til beredskap. Bør vurdere grenseverdiar som varslar fareauke før DFV blir nådd. Systemet bør kunne takle dette.
3	Ulike beredskapsnivå kjem ikkje fram i den oversende beredskapsplanen. Planen bør oppdaterast med omsyn til dette.
4	Varsling av NVE i samband med beredskap som omhandlar vassdragsanlegg, bør kome betre fram i beredskapsplanen.
5	Øving med redningsmyndigheitene bør prioriterast, der dambrotskart og evakuering inngår som tema. Beredskapsplanen skal bygge på bl.a. utførte dambrotbølgeberekningar. Det kom fram på revisjonen at redningsmyndigheitene blir inviterte med på beredskapsøvingane, men at responsen har vore heller dårleg.